



ISRAELSFERIE MED HEMDA MELTVIK I HERZLIYA, SENTRALT VED KYSTEN



Beit Shalom Zion



Herzliya ligg sentralt i Israel, med kort veg til alt. Her bur du fint i ei ny leilighet, saman med Hemda og Arne og andre nordmenn. Heilt nybygd område som har vore ein del av ein kibbutz. Resten av kibbutzen ligg der som før, med matsal, kafear, matbutikk osv. Veldig fin park rett i nærleiken. Berre 10 minuttar å gå til sentrum av Herzliya, med kort veg til restaurantar og butikkar, jernbane og buss. Berre 10 minuttar buss til stranda og promenaden.

Det er mange muligheter når du bur her. Du kan ta toget til Jerusalem eller Haifa/Nahariya. Me skal ha turar for dei som er interesserte, til Jerusalem eller Galilea. Me kan besøkje ein kibbutz, og diverse museum etter ønskje. Me kan også besøkje Weizman-instituttet med guide.

Valgfritt hebraiskkurs i Israel

Hemda lærer nordmenn hebraisk



Hemda Meltvik, som har gitt ut den første norske læreboka i hebraisk, "Hebraisk på eiga hand", inviterer deg til hebraiskkurs. Det blir kurs for både dei som kan ein del og dei heilt nye. Hemda er er fødd og oppvaksen i Israel og har undervist hebraisk rundt om i Norge i 30 år. Desse kursa er velkjente i Norge. På grunnkurset lærer du å lesa og skriva. Du får sjå at også du kan læra hebraisk på 1-2-3. Det er fleire og fleire som er interesserte i å læra hebraisk og no er tida kommen.

For meir informasjon Tlf 95 93 84 28 Tlf Israel 00972

www.jerusalemforlag.no epost: jerusalemf@online.no

Dei som studerer, får mulighet til å praktisera hebraisk i butikkar, på bussen og meir. Dei kan og samarbeida med andre som studerer, og trenar på språket i lag. Det er veldig spennande og motiverande.

Fakta om opphaldet

7 overnattingar med israelsk frukostbuffet: 8.-15. februar -26

7 overnattingar med israelsk frukostbuffet: 15.februar - 22. februar -26

7 overnattingar med israelsk frukostbuffet: 22. februar - 1. mars -26

Pris pr. person i dobbeltrom: 10080,- (7 netter).

15 overnattingar med israelsk frukostbuffet: 15.-30.mars

Pris pr. person i dobbeltrom: 21600,- (15 netter).

Sjå påmeldingsskjemaet for detaljar.

Ansvarlege: Hemda og Arne Meltvik.

Prisen inkluderer:

**Overnatting i leilighet i delt dobbeltrom.
med frukost.**

FLYBILLETT

Utgangspunktet er at folk skaffar seg flybillettt sjølv. Der er mange gode tilbod på nettet og du sparer pengar på å kjøpa flybilletten sjølv i god tid. Dersom det er ønskeleg kan me sjølv sagt hjelpa til med å skaffa billettar. Kryss i så fall av på påmeldingsskjemaet.

Påmeldinga er bindande

Prisen inkluderer ikkje:

Hebraiskkurs.

Flybillettt, flyskatt. (Me kan hjelpa med bestilling).

Prisen gjeld med dagens valutakursar. Me tek difor atterhald om mindre endringar i prisen p.g.a. slike endringar.

Opphaldet kan bli avlyst dersom det ikkje melder seg nok deltakarar.

Me tek også atterhald om endringar i pris og program.

For å få reisa inn til Israel må ein søkja om førehandsgodkjenning. Dette må gjerast på denne nettsida:

https://www.gov.il/en/departments/population_and_immigration_authority/govil-landing-page

Det kostar 25 shekel og gjeld i 2 år eller kortare, dersom passet går ut tidlegare.

Passet ditt må vera gyldig minst 6 månader etter planlagd utreisedato.

For dei som har heilårs reiseforsikring, vil me sterkt tilrå at ein kontaktar forsikringsselskapet for å finna ut om reiser til Israel vert dekkja. Alle må ha reiseforsikring.